

Unge røyster frå eitt år og oppover

22.09.2014



Tett rundt bordet i bedehuskjellaren i kveld

**Eitt av tilboda på Bedehuset som no er inne i sitt 38. år
er Unge Røyster og ikveld er røystane saman for andre
gongen i denne haustsesongen. Frammøtet er godt, ikkje berre
geografisk med også aldersmessig. Rundt 20 frå Uskedalen,
Herøysund og Omvikdalen er samla i kjellaren
og yngstemann er berre eitt år!**

Programmet består av song,
bibelforteljing og servering. Denne kvelden er
den botkomne sonen tema.

Linda og Jan Tvedt som bur i Herøysund
leiari framleis dette barnelaget
som Tormod Myklebust i si tid starta som eit kor.

Hans initiativ lever vidare i familien ettersom sonen
Knut Olav og svigerdottera Anne no har sluttat seg til
rekkjene. Dei har flytta hit frå Vestby i Akershus og er
iferd med å byggja nytt hus i Øvre Halsabrotet. Ikveld er dei med på møtet

Unge Røyster er eit døme på at det er klokt å slå kreftene
saman for å stå sterke.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Song og bibelfortelling sto først på programmet